

## Til deltakarane på Stiftsdagane i Bjørgvin 2022

Programmet for stiftsdagane byrjar å ta form og det er mykje å glede seg til!

Her kjem litt om programmet (med atterhald om endringar)

### Dag 1 – registrering frå kl. 09.30. Opning kl 10.30



Opningsprogrammet vil sette tonen på stiftsdagane. Irene Kinunda Afriyie vil vere programleiar begge dagane. Irene er konferansier, debattant, forteljar og aktøransvarleg i mangfaldsprosjetet «Fargespill». Ho reflekterer rundt sin plass i det norske samfunnet på sin heilt eigne humoristiske måte. Ho er ei ærleg og uredde stemme blant anna som fast gjestekåsør i Bergens Tidende. Ho har med seg “Sammen-teamet,” dvs. bandet og forsongarane som saman med Anine Mildestvedt og Thor Haavik reiste rundt og hadde «konfirmantleirar på hjul» for over 3000 konfirmantar i fjor.

### Jazz-stjerner

Etter ein god lunsj på hotellet vil vi møte Carl Størmer og han konsept «Jazzcode». Størmer held



føredrag om samhandling og vi har gitt han tittelen “Det gode samspelet”. I tillegg til å være en dyktig føredragshaldar er han ein dyktig trommeslagar og han har med seg eit heilt band av skandinaviske stjernemusikarar som er med og illustrerer føredraget: Lars Jansson, flygel, Mats Eilertsen, bass og Bendik Hofseth, saksofon.

Dei vil også gje oss ein eigen konsert seinare på kvelden.

### Frå Danmark om frivillig teneste



Henrik Engelbrekt Refshauge, generalsekretær i ein dansk misjonsorganisasjon, vil snakke om korleis vi forhold oss til frivillige si makt og avmakt. Han har tidlegare besøkt konferansar her i landet der han gjorde så godt inntrykk at vi har invitert han til Stiftsdagane. Refshauge er teolog og organist, med erfaring som prest, lærar, kyrkje- og kulturmedarbeidar, gospelkorleiar og journalist.

### Ei relasjonell gudsteneste

Denne gudstenesta er heilt uten papir, salmebok eller PowerPoint. Liturgen er forsongar og kyrkjelyden syng etter. Sokneprest Roar Strømme som også har vore inkluderingsrådgjever, vil vere

liturg og gjengen frå “Sammen-teamet” vil hjelpe oss til at dette blir noko for alle, der alle er deltakarar.

### “Mellomrommet”

Medan salen vert rigga om til festmiddag vil det bli god anledning til den gode samtalen med gamle og nye kollegaer. Besøk gjerne stands i mingleområdet.

**Festmiddag og konsert. Kl. 18.30 – 21.00 (middagen sluttar kl. 20.00)**

Så er det klart for festmiddag! Mot slutten av middagen går vi over i flott avslutning på dagen i form av ein konsert med Jazzcode. Gled deg!

## Dag 2 – startar med morgonbøn kl. 08.45



Denne føremiddagen er temaet «Våge, tru og bevege.» Vi får høyre Sunniva Gylver, biskop Halvor og Irene Kinunda Afriyie som på kvar på sitt vis vil belyse dette. Dette blir siste gong vi får høyre vår kjære biskop Halvor i stiftsdagane-samanheng.

## Seminar

Etter lunsj på torsdag blir det seminar. Her vil du som deltakar komme i ei skikkeleg knipe. Du kan velje mellom heile 15 seminar, og får med deg tre i løpet av denne dagen. Vi skal forsøket å gjere opptak av alle seminara, så då blir det råd å få med seg fleire i etterkant.

Det vil ikkje vere påmelding på seminara, men det er god kapasitet i kvart rom, så vi håpar deltakarane fordeler seg nok til at alle få plass der dei ønskjer. Det vil bli 10 min. pause mellom kvar økt, med tid til å gå til eit anna rom for neste seminar.

I området utanfor seminara vil det vere stands frå organisasjonar og andre som det er verd å besøka.

Seminara er tenkt for alle, du kan velja heilt fritt. Siste seminaret er slutt kl. 15.00. Dette tidspunktet markerer også avslutninga på årets Stiftsdagar.

### Seminar 1 (kl. 12.30 – rom 1)

“Time to say goodbye - privat seremoni eller kyrkjeleg handling?”

*Domkantor Sigurd Melvær Øgaard inviterer biskop Halvor Nordhaug og bransjedirektør i Virke gravferd, Gunnar Hammersmark, til samtale om utfordringar og kva som er mogeleg i dialogen mellom pårørande, kyrkje og gravferdsbyrå. Moderator: domkantor Kjetil Almanning*

## Seminar 2 (kl. 12.30 – rom 2)

Korleis kan vi nytte Bibelen som bønnebok?

*William Grosås, kapellan i Birkeland, har over fleire arbeidd med bl.a. tidebøn-skatten, med røter tilbake til den aller tidlegaste kyrkja. William Grosås sit bl.a. i leiarskapen i Ekumeniska Kommuniteten Bjärka Säby som er kjent for eit rikt liturgisk liv.*

## Seminar 3 (kl. 12.30 – rom 3)

Møt barne- og ungdomsorganisasjonane i kyrkja – kva kan dei tilby born?

*Bli inspirert av "tips & tricks" frå barne – og ungdomsorganisasjonane Acta, NLM-ung, Ung kirkesang og Søndagsskolen.*

## Seminar 4 (kl. 12.30 – rom 4)

"Våge, tru og bevege - eit nylaga verktøy i arbeidet med frivillige"

*Eit breitt samansett utval frå heile bispedømet har arbeidd med eit nytt hefte som har mange gode verktøy for å ta vare på og utvikla det frivillige i kyrkja vår.*

*Med nokre av dei som har bidrege i arbeidet med nytt hefte: Dag Olav Bjorøy, leiar i fellesrådet i Øygarden, Hildur Løkken Lillestøl, tidl. kateket i Os og Vetle Karlsen Eide, seniorrådgjevar diakoni og samfunn*

## Seminar 5 (kl. 12.30 – rom 5)

Samspel og leiing

*I kyrkja leier vi saman, difor er vi avhengige av at alle har kompetanse i teamarbeid. Vi byggjer vidare på føredraget til Carl Størmer/Jazzcode og set lys på nokre sentrale omgrep frå moderne leiingsteori. Seminarleiarar: kyrkjevevjerje i Bergen kyrkjelege fellesråd og mangeårig toppleiar i Bergen kommune, Mette Svanes og domprost Gudmund Waaler som også har førelest i 11 år i leiing på Sjøkrigsskolen og NLA.*

## Seminar 6 (kl. 13.25 – rom 1)

Tru utan religiøsitet - kristendom for andeleg tonedøve

*Kan ein tru utan å vere så "andeleg"? Ja, er ei tru som ikkje gjev religiøse eller andelege erfaringar også ei tru? Møt Åste Dokka, teolog, forfattar og kommentator i Vårt Land. Ho har arbeidd med samanhengen mellom livet og den vanskelege trua.*

### **Seminar 7 (kl. 13.25 – rom 2)**

"Listening - for heaven's sake!"

*Personalprest og vegleiar Bård Haukedal i Bjørgvin bispedøme har i fleire år møtt og lytta til menneske i ulike livssituasjonar, både i sorg og i glede. Han har og skrive ei oppgåve kor lytting er eit hovudtema. Kva for lærdom tar han med seg om korleis ein møter ulike menneske? Kva for haldningar og handlingar bør prege oss når vi møter så ulike menneske som vi gjer i vårt arbeid – enten det er ute på kyrkjegarden, i kyrkjerommet, på kyrkjekontoret eller på ein annan av dei mange ulike møteplassane vi har som kyrkjelege medarbeidarar?*

### **Seminar 8 (kl. 13.25 – rom 3)**

Møt barne- og ungdomsorganisasjonane i kyrkja – kva kan dei tilby ungdom?

*KRIK, KFUK-KFUM og NMS-U presenterer sine tilbod for konfirmantar, leir og ungdomsarbeid .*

### **Seminar 9 (kl. 13.25 – rom 4)**

“Gjestfridom og vertskap”

*Gjestfridom og godt vertskap er ein kjerneverdi på kystpilegrimsleia. Korleis kan kyrkja sine erfaringar med frivillige på kystpilegrimsleia inspirere oss til nytenking i det arbeidet som vi elles gjer i kyrkjene våre?*

*Med prost Knut Magne Nesse, friviljug Turid Astrid Reksten og leiar Kjell Magnus Økland, kystkultur.no. Moderator: kulturrådgjevar Ragna Sofie Grung Moe.*

### **Seminar 10 (kl. 13.25 – rom 5)**

Digital samhandling med frivillige og samarbeidspartnarar

*Korleis kan vi nytte dei digitale verktøya vi har i samhandlinga mellom kyrkjelyden og dei frivillige?*

*Aktuelle tema i seminaret er: Medarbeideren, Microsoft 365 for sikker dokumentdeling og dialog, også med frivillige. Personvern og informasjons-tryggleik mm.*

*Ved Mona Gangsøy Eide, BKF, og Sandra Nyland Forstrønen, Kyrkjerådet*

### **Seminar 11 (kl. 14.15 – rom 1)**

Ei kyrkje for alle - gode verktøy for ei inkluderande kyrkje.

*Fagleg påfyll og inspirasjon frå kurset "Du kan bety ein forskjell", eit kurs som er aktuelt for alle i kyrkjestaben. Det blir og presentasjon av Søndagsskulen Noreg sitt inkluderingsmatriell til bruk i mellom anna søndagsskuler, bornegrupper, grupper for barn og unge med utviklingshemming, familiesamlingar og generasjonsgudstjenestar.*

*Med Jannicke K. Ludvigsen og Inger Jacobsen, Søndagsskulen Noreg i Bergen*

## **Seminar 12 (kl. 14.15 – rom 2)**

Tale er gull!

*Korleis tenkjer Thor Haavik når har skal kommunisere si kristne tru på TV, i sosiale medium osv. Og kva seier ein som har mastergrad i retorikk til dette ? Møt Farmen-presten Thor Haavik i samtale med kyrkjefagsjef i Bjørgvin, Tore Skjæveland.*

## **Seminar 13 (kl. 14.15 – rom 3)**

Kyrkja og flyktingane

*Kva gjorde kyrkja då dei fyrste ukrainske flyktingane kom til vårt bispedøme våren 2022? Kva gjorde organisasjonane? Kva lærte vi, og korleis ser vi for oss tida som ligge framføre oss? Møt nokre av dei som har ulike erfaringar frå dei fyrste vekene med ukrainske flyktingar i Bjørgvin, men ver også med på å dele dine erfaringar.*

*Med Hallgeir Berge, dagleg leiar KIA Vest (tidl. KIA Bjørgvin), Johannes Hystad Pettersen, sokneprest i Eidfjord og Kinsarvik og Gro Fyllingsnes, flyktingediakon i Bergen.*

## **Seminar 14 (kl. 14.15 – rom 4)**

Korleis kjem vi i kontakt med medlemene våre gjennom ulike kanalar? - Tik Tok og takk for kyrkjebladet

*Med konkret blick på hausten 2022, ser vi korleis vi kan nytta dei digitale og analoge plattformene våre på ein god måte for å kome i kontakt med menneska i sokna våre. Vi samtalar bl.a. om kven medlemene er, kven vi vil nå og korleis vi kan organisera dette arbeidet.*

*Koordinator for seminaret: Jens Meyer. Seniorrådgjevar for informasjon og kyrkjeleg forvaltning i Bjørgvin.*

## **Seminar 15 (kl. 14.15 – rom 5)**

Korleis skape gode møteplassar for familiane?

*Lær om "Messy Church" og Familiedag i kyrkja. Erfaringsdeling.*

*Staben i Øygarden har vore på studietur i England på eit stort internasjonalt Messy Church-seminar våren 2022. Her kan vi lova mange gode tips til aktivitetar for familiane.*

**Avslutning i seminarromma kl. 14.55 – 15.00**